



Riksantikvaren  
Postboks 8196 Dep  
0034 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/97 - 15/5358

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
10.05.2015

## Søknad om tilskot til skilt ved tysk fort frå andre verdskrig i Marøy

Vedlagt er søknad om tilskot til skilting ved det tyske fortet frå andre verdskrig i Marøy i Radøy kommune.

Riksantikvaren ber i brev datert 20. mars om informasjon om lokale tiltak og arrangement for å kartleggja, formidla og synleggjera krigsminner. Radøy kommune har særleg tre område me satsar på i denne samanhengen. Dette er fortet i Marøy, som søknaden gjeld, fortet og den russiske fangeleiren i Forsøy utanfor Marøy, og småbruket i Skageneset som vart nytta til å gøyma flyktningar som skulle til Shetland. Alle desse kulturminna vil me registrera i Askeladden i løpet av året.

Radøy kommune har sett opp to arrangement for å formidla historia om kulturminne etter andre verdskrig. Det eine arrangementet fann stad i dag, då om lag 80 personar var med på ein guida tur til Marøy og Forsøy. Meir informasjon om denne turen finn de her:

<https://www.facebook.com/media/set/?set=a.1179156798807353.1073741840.105292919527085&type=1>

Det neste arrangementet er opninga av kystsogevekene i Radøy som finn stad 9. august. Då vert det guida tur til Skageneset med aktivitetar for heile familien. Formidling av det som skjedde i krigsåra i Skageneset vert ein sentral del av dette arrangementet. Radøy kommune kombinerer på denne måten ei satsing på krigens kulturminne med friluftslivets år, noko me ser er populært blant innbyggjarar og besøkjande og gjev stor oppslutnad om arrangementa.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

søknad  
Illustrasjonar  
Avtale med grunneigar

**Vedlegg:**

pristilbud arkeoplan

**Kopi til:**

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
---	---------------	------	--------

**Mottakarar:**

Riksantikvaren	Postboks 8196 Dep	0034	OSLO
----------------	----------------------	------	------